



## Notat

Dato: 18.06.2014  
Arkivsak: 2014/11292-6  
Saksbehandlar: lisadla

---

**Til:** Fylkesutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### Svar på spørsmål om status i Hylkjekrysset

Representanten Mona R. Strømme (H) har i epost bedt om ei oppdatering om arbeidet med lyregulering i Hylkjekrysset. Representanten viste til melding 231/2013 om trafikksikringstiltak i Hylkjekrysset på E 39 som vart lagt fram i fylkesutvalet 31.10.2013. Fylkesrådmannen har henta inn svar frå Statens vegvesen, og fått følgjande tilbakemelding:

Tiltaket inngår i same kontraktgrunnlag som Valenkrysset på Sotra og lysregulering av gangfelt ved Bergen fengsel. Desse tiltaka er finansiert gjennom Handlingsprogram NTP. Det har teke noko tid med å prosjektere desse tiltaka, men det er no klart for utlysning. Ut frå dette ser ein føre seg at kontrakt vert inngått i september, med ei ferdigstilling ved årsskiftet, eller tidleg i 2015.